



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Prop. 106 S

(2010–2011)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Utviding av Aust-Agderpakka

*Tilråding frå Samferdseldepartementet av 29. april 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Aust-Agderpakka er blant anna omtala i St.prp. nr. 30 (2001-2002) *Om delvis bompengefinansiert utbygging av deler av Ev 18 i Aust-Agder* og St.prp. nr. 33 (2004-2005) *Om gjennomføring av E18 Grimstad – Kristiansand som OPS-prøveprosjekt med delvis bompengefinansiering*.

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om utviding av Aust-Agderpakka for å finansiera planlegging av E18 på strekninga Tvedestrand – Arendal samt planlegging og gang- og sykkelvegutbygging langs E18 og fv 402. Desse tiltaka blir foreslått finansiert dels gjennom etablering av ein ny bomstasjon og dels ved forlenging innkrevjingstid i to eksisterande bomstasjonar med om lag eitt år. Takstane i kvar av dei to bomstasjonane, den nye og den gamle ved grensa mellom Lillesand og Grimstad kommunar, blir halvparten av takstane i den gamle bomstasjonen. Takstane i bomstasjonen i Gjerstad kommune blir uendra.

2 Bakgrunn

Ved den lokale handsaminga av Aust-Agderpakka i 1999, jf. St.prp. nr. 30 (2001-2002), var det lagt til grunn utbygging av E18 gjennom nesten heile fylket. Grunna nedjustert bompengebidrag og

lågare statleg ramme enn lagt til grunn ved den lokale handsaminga, blei utbygging av strekninga Vinterkjær – Arendal, inkl. nytt Vinterkjærkryss, tatt ut av pakka før saka blei lagt fram for Stortinget.

Gjennom handsaminga av St.prp. nr. 33 (2004-2005) slutta Stortinget seg til ein revidert finansieringplan for Aust-Agderpakka, noko som blant anna innebar utbygging av strekninga Grimstad – Kristiansand til firefelts veg som OPS-prøveprosjekt. Strekninga Brokelandsheia – Vinterkjær blei åpna for trafikk i 2004 og strekninga Grimstad – Kristiansand stod ferdig i 2009. Det er også gjennomført ei rekkje trafikksikkerheits- og kollektivtrafikktiltak langs E18 i fylket.

Gjennom handsaminga av St.prp. nr. 33 (2004-2005) blei takstane auka frå kr 20/40 til kr 30/60 for lette/tunge kjøretøy og innkrevjingstida forlengta med 5 år til 20 år. Vidare blei det fastlagt eit bompengebidrag på 1 218 mill. 2004-kr til utbygging av strekninga Øygardsdalen – Dyreparken av OPS-prosjektet.

Innkrevjingja langs E18 starta i november 2001 i bomstasjonar i Gjerstad kommune og på kommunegrensa mellom Grimstad og Lillesand. Det blei lagt til grunn avvikling av bompengoordninga seinast 1. november 2021. Den såkalla ”6-timersregelen” blei avvikla då E18 Grimstad – Kristiansand stod ferdig i 2009, jf. omtale i St.prp. nr. 1 (2007-2008), side 69.

3 Lokalt forslag til utvida Aust-Agderpakke

Fylkestinget i Aust-Agder fatta 30.08.2010 følgende vedtak:

Fylkestinget vedtar å sende søknad om justering av bompengordningen på E18 til Samferdselsdepartementet basert på følgende forutsetninger:

1. *Aust-Agder-pakka søkes utvidet med inntil 200 mill. kroner. Økte bompengeinntekter brukes til å sikre nødvendige planleggingsmidler og trafiksikkerhetstiltak. Følgende prosjekter gjennomføres i prioritert rekkefølge:*
 - a. *Planlegging E18 Arendal – Tvedestrand. 25-50 mill. kroner.*
 - b. *Planlegging og bygging av gang- og sykkelveg fv 402 Storemyr – Birkeland. 80-100 mill. kroner.*
 - c. *Planlegging og bygging av gang- og sykkelveg E18 Tvedestrand grense – Lillevåje. 30-40 mill. kroner.*
2. *Dersom departementet kan gå med på å utvide rammen til 270 millioner kroner, ønsker fylkestinget at følgende prosjekter gjennomføres i prioritert rekkefølge i tillegg:*
 - a. *Etablere forbedret kollektivtilbud for pendlere på strekningen Arendal – Kristiansand. 2 millioner pr år. Samlet inntil 20 millioner kroner.*
 - b. *Delfinansiere utbygging av Vinterkjærkrysset. Det forutsettes at staten fullfinansierer prosjektet. Inntil 50 mill kr.*
3. *Det etableres en ny elektronisk bomstasjon vest for Lillesand på ny E18. Bompengetaksten fordeles likt på ny bomstasjon og eksisterende ved Omre. Gjennomgangstrafikken betaler samme takst som i dag, men fordeles på to innkrevingssteder.*
4. *Dagens takstreglement og rabattordninger videreføres slik at en fortsatt kan oppnå 0-50 % rabatt på bomtakstene.*
5. *Bomstasjonen ved Svennevig på gamle E18 gjenåpnes ikke. Målsettingen er at nytt innkrevingssted er i drift senest fra 1/1 2011.*

Fylkestinget tar til etterretning at fylkesutvalget vedtok å forskuttere inntil 10 millioner kroner til planlegging av E18 etter Kommunelovens § 13 (hasteparagrafen).

Fylkeskommunen ser det som viktigast å sikra nødvendige planleggingsmidlar til strekninga Tvedestrand – Arendal, slik at det kan foreleggja godkjende planar til neste rullering av Nasjonal transportplan. Vidare prioriterer fylkeskommunen

gang- og sykkelvegutbygging langs fv 402, som har fått auka trafikk etter at ny E18 blei tatt i bruk, og langs E18 mellom Tvedestrand grense og Lillevåje, den einaste gjenståande strekninga langs E18 i Aust-Agder som manglar eit slikt tilbod. Fylkeskommunen ønsker vidare å nytta bompengar til driftstilskott til ei bussrute for pendlarar mellom Arendal og Kristiansand, samt å setja av inntil 50 mill. kr til bygging av nytt Vinterkjærkryss. Tiltaka er sett opp i prioritert rekkefølge.

Fylkeskommunen legg til grunn at den foreslåtte utvidinga skal finansierast gjennom etablering av ein tredje bomstasjon samt forlenga innkrevjingstid. Det er likevel ein føresetnad at utvidinga ikkje fører til innkrevjing ut over den fastsette maksimale innkrevjingstida på 20 år.

Ny bomstasjon er foreslått plassert på E18 i Lillesand, nær kommunegrensa til Kristiansand, jf. figur 4.1. Takstane i den nye bomstasjonen er foreslått til kr 15/30 for lette/tunge kjøretøy. Samtidig foreslår fylkeskommunen ei tilsvarande halvering av takstane til kr 15/30 for lette/tunge kjøretøy i eksisterande bomstasjon på kommunegrensa mellom Lillesand og Grimstad. Takstane i bomstasjonen i Gjerstad kommune blir ikkje endra. Samla betaling for gjennomgangstrafikken blir dermed som i dag. Innkrevjinga i dei tre bomstasjonane er føresetta avvikla samtidig. Det blir lagt opp til vidareføring av dagens rabattsystem.

Fylkeskommunen har hatt forslaget på høyring i berørte kommunar og Vest-Agder fylkeskommune. Grimstad, Arendal, Tvedestrand, Risør og Gjerstad kommunar stør forslaget. Vest-Agder fylkeskommune samt Lillesand, Kristiansand og Birkenes kommunar går i mot. Vedtaka i Vest-Agder fylkeskommune og Lillesand kommune, der den nye bomstasjonen er planlagt, er referert i det følgjande.

Fylkesutvalet i Vest-Agder fatta 24.08.2010 følgende vedtak:

1. *Vest-Agder fylkeskommune sier nei til at det skal opprettes en ny bomstasjon på E-18 mellom Lillesand og Kristiansand.*
2. *Vest-Agder fylkeskommune tilbyr seg å forskuttere planleggingsmidler til E-18 Arendal - Tvedestrand med inntil 10 mill kr slik at strekningen kan bli prioritert i Nasjonal Transportplan 2014-2023 i tråd med prioriteringene fra en samlet landsdel. Det forutsettes at forslag om ny bomstasjon frafaller.*
3. *Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale om forskuttering og tilbakebetalingstidspunkt.*
4. *Kostnadene ved forskuttering innarbeides i kommende økonomiplan.*

5. Fylkesrådmannen bes avklare om det er mangel på planleggingsmidler til prioriterte prosjekter i Vest-Agder. Oversikten legges fram for SAM-utvalget og fylkesutvalget.
6. Vest-Agder fylkeskommune mener prinsipielt at det er feil å forhåndsinnkreve midler til infrastrukturplanlegging gjennom bompenger. Stortinget har kun ansvar for ca 10 % av norske veier, og planarbeidet må finansieres i sin helhet av statlige midler.


Lillesand kommune fatta 18.08.2010 følgjande vedtak:

1. Lillesand bystyre støtter ikke rådmannens innstilling.
2. Lillesand bystyre vil ikke at det etableres en ny bomstasjon vest for Lillesand fordi det allerede er en bomstasjon mellom Lillesand og Kristiansand.
3. Lillesand bystyre støtter forslaget fra Vest-Agder og Kristiansand om et spleiselag for å kunne prosjektere ny motorvei Øst for Arendal.
4. Lillesand bystyre er åpne for å delta i spleiselaget forutsatt av at Risør, Gjerstad, Tvedestrand, Grimstad og Arendal gjør det samme.
5. Lillesand bystyre ønsker ikke å gjenåpne bomstasjonen på Svennevik.

6. Lillesand bystyre ber om at det iverksettes tiltak på riksvei 420 (gamle E 18) øst for Tingsaker for å hindre økt trafikk.
7. Lillesand bystyre ber om at gang og sykkelvei mellom Birkeland og Lillesand samt rundkjøring ved Stykkene innarbeides i eksisterende bompakke da de to prosjektene utvilsomt hører hjemme i eksisterende pakke (trafikken på Birkelandsveien har økt mye etter at motorveien har åpnet. Når den gamle Møglestuveien nå er stengt etter krav fra veivesenet, er det nødvendig med rundkjøring på Stykkene).

4 Trafikkgrunnlag

Statens vegvesen har i etterkant av den lokale handsaminga gjort ei vurdering av trafikale endringar ved etablering av ein ny bomstasjon og halvering av takstane i eksisterande bomstasjon i Lillesand. Figur 4.1 viser dagens trafikk på vegnettet med takstar på kr 30/60 for lette/tunge kjøretøy i dagens bomstasjon på kommunegrensa mellom Lillesand og Grimstad og forventna trafikale endringar når takstane blir halverte i denne bomstasjonen og det blir etablert ein ny bomstasjon på E18 vest i Lillesand med same takstnivå.



Figur 4.1 Kartskisse – Trafikk og bomstasjonar Lillesand.

Kjelde: Statens vegvesen

Trafikken på E18 er forventa å auka med om lag 15 pst aust for Lillesand sentrum og falla tilsvarende på vestsida. I dag passerer det i gjennomsnitt 9 500 kjøretøy/døgn gjennom dagens bomstasjon. Totalt er det forventa i gjennomsnitt 20 900 kjøretøy/døgn gjennom begge bomstasjonar. Det er forventa endringar i trafikkmønsteret på gamle E18, med nedgang aust for Lillesand og auke mellom Lillesand og Kristiansand. Dagens gjennomgangstrafikk er vurdert som robust, men det er usikkerheit knytta til omfang av lokaltrafikk, særleg mellom Lillesand og Kristiansand, sidan det ikkje blir innført bompengar på gamle E18.

Bomstasjonane på E18 i Aust-Agder er heilautomatiske. Samferdselsdepartementet har sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på personvernutfordringane i heilautomatiske bomstasjonar, og moglegheita for å utvikla ei anonym betalingsløsning som eit supplement til dagens AutoPass-løsning. Arbeidet pågår.

5 Samferdselsdepartementet si vurdering

Samferdselsdepartementet meiner forslaget til ny bomstasjons- og innkrevjingsstruktur for Aust-Agderpakka er ei fornuftig betring. Delt innkrevjing med fleire bomstasjonar kombinert med lågare takstnivå pr bomstasjon, gir ei meir rettferdig innkrevjing med betre samsvar mellom betaling og nytte. Dette er i tråd med dagens praksis for lengre, strekningsvise utbyggingar, jf. omtala av nytteprinsippet i St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019. Det foreslåtte opplegget vil føra til at fleire trafikantar som har nytte av ny E18, vil betala bompengar.

Departementet er vidare positiv til at fylkeskommunen ønskjer å nytta bompengar til planlegging av E18 på strekninga Tvedestrand – Arendal og at det blir sett av midlar til gang- og sykkelvegutbygging langs fv 402 og E18. I denne samanheng viser departementet til at det opphaveleg var ønskje om at Aust-Agderpakka skulle omfatta

utbygging av nesten heile E18 gjennom fylket, inkl. trafikksikkerheits- og kollektivtrafikktiltak. Vidare har fv 402 fått auka trafikk etter at ny E18 blei tatt i bruk, noko som har ført til auka behov for bygging av gang- og sykkelveg.

Gjennom handsaminga av Ot.prp. nr. 15 (2007-2008) er det åpna for å nytta bompengar til drift av kollektivtrafikk i einskilde tilfelle. Høvet er imidlertid avgrensa til byområde når bruken inngår i ein plan for eit heilskapeleg og samordna transportsystem. Det er derfor ikkje heimel for å nytta bompengar til bussdrift mellom Arendal og Kristiansand. Bussdrift her er eit fylkeskommunalt ansvar.

Samferdselsdepartementet meiner det i denne omgang ikkje er aktuelt å setja av bompengar som bidrag til bygging av nytt Vinterkjærkryss, då krysset ikkje er fullfinansiert med 50 mill. kr i bompengetilskott. Kostnadene er ikkje avklara, men det må reknast med minst det doble for eit nytt planskild kryss. Krysset er ikkje prioritert i St.meld. nr. 16 (2008-2009) Nasjonal transportplan 2010-2019, og fylkeskommunen sitt vedtak føreset betydelege statlege midlar i tillegg til 50 mill. kr i bompengar. Prioritering av Vinterkjærkrysset kan først bli avklara i 2013 i samband med Nasjonal transportplan 2014-2023.

På denne bakgrunn legg departementet opp til utviding av Aust-Agderpakka med ei samla økonomisk ramme på inntil 200 mill.kr. Tiltaka er vist i tabell 5.1.

Inkludert kostnader til etablering av ny bomstasjon utgjer dette i underkant av 200 mill. 2011-kr. Departementet føreset at ramma på 200 mill. kr står fast ved evt. kostnadsauke på gang- og sykkelvegprosjekta. Omfang på gang- og sykkelvegutbygginga må derfor bli tilpassa ramma til dette formålet. Videre er det ein føresetnad at det fastsette bompenggebidraget til OPS-prosjektet blir følgd opp i tråd med føresetnadene i St.prp. nr. 33 (2004-2005).

Departementet sluttar seg til fylkeskommunen sitt forslag til bomstasjonsplassering, takstar og rabattar. Truleg vil dagens ordning vera nedbetalt tidleg i 2018, altså over tre år tidligare enn oppha-

Tabell 5.1 Utviding av Aust-Agderpakka.

- Planleggingsmidlar til E18 Tvedestrand – Arendal	inntil 50 mill. kr
- Planlegging og bygging av g/s-veg fv 402 Storemyr – Birkeland	inntil 100 mill. kr
- Planl. og bygging av g/s-veg E18 Tvedestrand gr. – Lillevåje	inntil 40 mill. kr
Sum	inntil 190 mill. kr

veleg lagt til grunn. På basis av dette er det rekna at innkrevjingstida blir om lag eitt år lengre, til 2019, for å dekkja utvidinga på 200 mill. kr.

føresetnadene lagt til grunn i denne proposisjonen.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

6 Avtale

Etter at Stortinget har fatta vedtak om utviding av Aust-Agderpakka vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om utviding av Aust-Agderpakka.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjera vedtak om utviding av Aust-Agderpakka i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om utviding av Aust-Agderpakka

I

1. Stortinget samtykkjer i at bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevja inn bompengar for å finansiera planlegging av E18 på strekningen Tvedestrand – Arendal samt finansiera planlegging og gang- og sykkelvegbygging langs E18 og fv 402. Vilkårå går fram av denne proposisjonen.
 2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå tilleggsavtale med bompengeselskapet og fastsetja nærmare reglar for finansieringsordninga.
-
-



Trykk: AS O. Fredr. Arnesen. April 2011

241491